

Langrennskomiteen@

Sakshand.: YT/AHE

Dato: 19.11.2015

Arkivk.: lk/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 02 I LANGRENNSKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotel
Tidspunkt: Onsdag 18. november 2015, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 13 15-17	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 14 15-17	Godkjenning av protokoll nr. 01 15-17 frå LK
SAK 15 15-17	Referat frå Haustmøtet, 27. oktober 2015
SAK 16 15-17	Referat frå møte i styringsgruppa for Team Veidekke Vest

RAPPORTERING

SAK 17 15-17	Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015
---------------------	---

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 18 15-17	Team Veidekke Vest, markedsarbeid
SAK 19 15-17	Handlingsplan 2015-2016
SAK 20 15-17	Skikrinsen sitt treningstilbod til utøvarar i alderen 13-16 år
SAK 21 15-17	Jentesamling på Ullsheim, 08.-10. januar 2016

ORIENTERINGSSAKER

SAK 22 15-17	Jentesamling i Vik, 24.-25 oktober 2015
---------------------	--

EVENTUELT

TIL STADES: Arthur Hegrenes, Oddmund Lefdal, Torunn Grut,
Liv Kr. Eimhjellen Rauset, Åsa Lerum og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 13 15-17

**Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn**

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 14 15-17

**Godkjenning av protokoll nr. 01 15-17 frå LK
Bakgrunn**

Protokoll nr. 01 15-17 frå LK er sendt ut LK 11.09.2015, og er lagt ved som vedlegg til innkallinga.

VEDTAK

Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 01 15-17.

SAK 15 15-17

**Referat frå Haustmøtet, 27. oktober 2015
Bakgrunn**

Referat frå Haustmøtet 27. oktober 2015 er vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek referatet til orientering.

SAK 16 15-17

**Referat frå møte i styringsgruppa for Team Veidekke Vest
Bakgrunn**

Referat frå møte i styringsgruppa for Team Veidekke Vest er vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek referatet til orientering.

RAPPORTERING

SAK 17 15-17

**Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015
Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 15.11.2015 er sendt ut på førehand.
Adm. presenterte rapporten.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 18 15-17

Team Veidekke Vest, markedsarbeid

Bakgrunn

Leiar i langrennskomiteen orienterte om markedsarbeidet i Team Veidekke Vest (TVV) på følgjande punkt:

- Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane knytt til TVV har vore svært utfordrande, og ein har så langt ikkje klart å få på plass markedsavtalar i høve til målsetjing.
- Leiar ynskjer at langrennskomiteen skal drøfte den regionale markedsstrategien knytt til TVV, og at ein eksempelvis bør vurdere å arbeide vidare med eit «sponsorlaug», i stadenfor strategien om å få på plass ein eller to større sponsorat.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å arbeide vidare med eit «sponsorlaug» knytt til TVV. Målsetjinga er å arbeide fram 10 avtalar med ein verdi på å kr. 10 000,- pr. år. Totalt kr. 100 000,- pr. år.

Primært skal ein arbeide fram 3-årige avtalar.

Aktuelle verksemder er:

- Wurth (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes)
- Ramirent (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes)
- Holvik Glas (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes)
- Bolset Glas (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes/ Anders Felde)
- Enivest (ansv. oppf.: Einar Tefre)
- Holen Installasjon (ansv. oppf.: Oddmund Lefdal)
- NTP Gaupne (ansv. oppf.: Oddmund Lefal)
- Mesta (ansv. oppf.: Oddmund Lefdal)
- Øvrebø Fargehandel (ansv. oppf.: Oddmund Lefdal)
- Nordfjord Kjøtt AS (ansv. oppf.: Inge Fænn/ Yngve Thorsen)
- BANO v/ Frode Lindvik (ansv. oppf.: Liv Kr. E. Rauset)
- Frydenbø Opus (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes)
- Toyota Nordfjord Førde (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes)
- Sunnfjord Energi (ansv. oppf.: Einar Tefre)
- SogneKraft (ansv. oppf.: Oddmund Lefdal)
- Normatic (ansv. oppf.: Yngve Thorsen)
- Bolseth Glas (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes)
- Vik Ørsta (ansv. oppf.: Yngve Thorsen)
- Gjerde (ansv. oppf.: Yngve Thorsen)
- PreTre (ansv. oppf.: Inge Fænn/ Yngve Thorsen)
- Stryn Mek. (ansv. oppf.: Arthur Hegrenes)
- Reklameloftet (ansv. oppf.: Yngve Thorsen)
- High Soft Solutions, Vik (ansv. oppf.: Einar Tefre)

Aktuelt salgskonsept kan vere:

- Logo på www.skikrinsen.no
- Logo på TVV sine nettsider
- Logomarkering på fritidsbekledning
- Logo på smørevogn

Vidare oppfølging:

- Gjere nødvendige avklaringar vedr. salskonsept med styringsgruppa i TVV (oppf.: Arthur Hegrenes)
- Utvikle presentasjon for «Sponsorlauget» (oppf.: Yngve Thorsen)
- Utvikle mal for samarbeidsavtale (oppf.: Yngve Thorsen)
- Avklare markedsarbeidet som er gjort i Team NordNorge vedr. «Sponsorlaug» (oppf.: Yngve Thorsen)

Ein har målsetjing om at arbeidet skal vere slutført innan 20.12.2015.

SAK 19 15-17

Handlingsplan 2015-2016

Bakgrunn

Komiteen skal i høve til vedtak i sak 07 15-17 utvikle ny Handlingsplan for 2015-2016.

Eksisterande handlingsplan for 2014-2015 er vedlagt.

VEDTAK

Handlingsplan for 2015-2016 vart ferdigstilt i møtet.
Planen er vedlagt.

SAK 20 15-17

Skikrinsen sitt treningstilbod til utøvarar i alderen 13-16 år

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrinsen har i dag eit breitt treningstilbod, som varierar frå grein til grein. Fråfallsproblematikken i alderen 13-19 år gjer at ein bør vurdere både konkurranse- og treningstilbodet i Sogn og Fjordane nærare, dette til tross for at statistikken til skikrinsen på dette området er tilfredstillande (ref. statistikk på neste side).

Til dette møtet er det først og fremst treningstilbodet til langrennskomiteen og laga i alderen 13-16 år som skal vurderast nærare.

Viser også til sak 05 i samband med langrennskomiteen sitt Haustmøte, 27. oktober 2015:

Sak 5 Korleis kan vi utvikle langrennsporten i fylket vidare?

Finn Årdal, Jølster, ny nestleiar i Skikrinsen, tidlegare aktiv og trenar, presenterte sine tankar og idear.

Noko manglar 13-16 år, Sonelag?


I Sogn samarbeid mellom klubbar, vanskeleg å få til noko fast. Har vore nokre «stunt», for aldersgruppa 13-16.

Forslag:

Ei fellessamling ein laurdag i månaden på hausten i kvar sone, kvar klubb som er med tek ansvar for ein dag, ei økt eller to økter med felles kvile og matøkt i mellom, må ikkje legge lista for høgt.

Krinsen prøver å kalle inn til sonevis møte for å planlegge.

Utvikling aktivitetstal i særiddrettar 13-19 år, Sogn og Fjordane



VEDTAK

Tiltaket med sonesamlingar for aldersgruppa 13-16 år er lagt inn i langrennskomiteen sin handlingsplan for 2015-2016.

SAK 21 15-17

Jentesamling på Ullsheim, 08.-10. januar 2016

Bakgrunn

Arbeidet med Jentesamlinga i Vik, samt innspel frå laga, gjer at komiteen må vurdere om ein skal legge til rette for ei ny Jentesamling på Ullsheim, 08.-10. januar 2016.

Forøvrig har ein vore i dialog med Markane IL v/ Margunn Hjelmeset, og laget er aktuell som teknisk arrangørar ved ei evt. samling i januar 2016.



VEDTAK

Torunn Grut følger opp Markane IL vedr. Jentesamling på Ullsheim 08.-10. januar 2016.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 22 15-17

Jentesamling i Vik, 24.-25 oktober 2015

Bakgrunn

Den planlagde Jentesamlinga i Vik vart gjennomført 24.-25. oktober 2015 med 16 deltakarar i alderen 12-16 år.

Trenarar på samlinga var Torunn Grut, Olaug Grut Andersen og Åsa Lerum.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Arthur Hegrenes (s)
Leiar LK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 14 15-17 Godkjenning av protokoll nr. 01 15-17 frå LK

Langrennskomiteen@

Sakshand.: YT/AHE

Dato: 10.09.2015

Arkivk.: lk/møter/protokoll/15-17

PROTOKOLL MØTE NR. 01 I LANGRENNSKOMITEEN, 2015-2017

Stad: Skei, Thon Jølster Hotel
Tidspunkt: Torsdag 10. september 2015, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 01 15-17 Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 02 15-17 Rekneskapsrapport pr. 28.08.2015

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 03 15-17 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 04 15-17 Godkjenning av protokoll nr. 04 13-15 frå møte i langrennskomiteen

SAK 05 15-17 Konstituering av langrennskomiteen 2015-2017

SAK 06 15-17 Terminliste 2015-2016

SAK 07 15-17 Handlingsplan 2015-2016

ORIENTERINGSSAKER

SAK 08 15-17 Programsatsingsmidlar til Langeland Skisenter

SAK 09 15-17 Team Veidekke Vest

SAK 10 15-17 Nasjonalrenn og meisterskap 2015-2016

SAK 11 15-17 Status i markedsarbeidet til langrennskomiteen

EVENTUELT

SAK 12 15-17 Jentesamlingar

- TIL STADES:** Arthur Hegrenes, Torunn Grut, Liv Kr. Eimhjellen Rauset, Åsa Lerum og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Oddmund Lefdal
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
-

REFERATSAKER

- SAK 01 15-17** **Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i Skikrinsstyret**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 01 15-17 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK
Teke til orientering.

RAPPORTERING

- SAK 02 15-17** **Rekneskapsrapport pr. 28.08.2015**
Bakgrunn
Rekneskapsrapport pr. 28.08.2015 er vedlagt.
Adm. la presenterte rekneskapsrapporten.

VEDTAK
Teke til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 03 15-17** **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er utsendt på førehand.

VEDTAK
Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste

- SAK 04 15-17** **Godkjenning av protokoll nr. 04 13-15 frå møte i langrennskomiteen**
Bakgrunn
Protokoll frå møte nr. 04 13-15 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK
Langrennskomiteen godkjenner protokoll nr. 04 13-15 frå møte i langrennskomiteen.

SAK 05 15-17

Konstituering av langrennskomiteen 2015-2017

Bakgrunn

- Val av nestleiar til langrennskomiteen
- Val av medlem til anleggskomiteen
- Val av medlem til utd./ utv. komiteen
- Val av medlem til økonomi- og sponsorutvalet

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Nestleiar: Oddmund Lefdal
- Medlem til anleggskomiteen: Arthur Hegrenes
- Medlem til utd./ utv. komiteen: Torunn Grut/ Åsa Lerum
- Medlem til økonomi-/ sponsorutvalet: Arthur Hegrenes
- Ungdomsrepresentant: Åsa Lerum

SAK 06 15-17

Terminliste 2015-2016

Bakgrunn

Rammene for terminlista 2015-2016 vart lagt fram i samband med skikrinsen sitt Vår møte.

Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga 01. juli, med svarfrist 01. september 2015.

Framlegg til Terminliste Langrenn 2015-2016 finn ein vedlagt.

Pr. 01. september er det komt følgjande innspel til terminlista:

Innspel nr. 1: Førde IL

Hei, etter vår møtet, gjennomgang terminliste.

Ribberennet, frå 26 12 15 til 28 12 15.

02 01 16 Ullsrennet iflg Asgeir kan en ha fortløpande oppdatering på Emit, en forstår dermed ikkje heilt bakgrunn/årsak for at arrangementet ikkje kan avviklast denne helga.

Bør ha ei fristil renn denne helga, mht balanse i terminliste og matching for NC helga etter.

Kalsetrennet, frå 07 02 15 til 28 02 15

En stafett på slutten av sesong, i den grad den som er sett opp (19 03) blir flytta fram til helga som Ullsheim rennet blir avvikla?

Stafett er «populært» blant utøvarane ut frå signal vi har mottatt Evt kunne det ha vore 2 manns-lag, eller miks lag gut/jente, for å ha litt ulike tilbod.

Elles, det årlege rennet på Årdalstangen, er det «tatt av plakaten» i år, eller er det noko som manglar?

Om vi får en god snøsesong så er det vel også fristande å kunne avvikla ett renn i helga 2 og 3/4 - omtalt stafett td?? Arne

Innspel nr. 2: Oppstryn IL

Hei!

Hadde vore positivt viss ein kunne unngå at turrenn i Nordfjord (Tverrfjelldilten, Honndalsrennet) kolliderar med turrenn Sunnmøre (Fjellseter-runden) – slik det gjorde sist sesong!

Gunnar Harstad

Innspel nr. 4: Markane IL

Hei.

Innspel til terminlista.

Markane ynskjer å gjennomføre stafetten same helga som Ullsrennet 9. og 10. januar.

Fint viss du også kan finne ut kven som kan hjelpe til som trenarar på samlinga.

Mvh. Sigbjørn

Innspel nr. 5: Årdalstangen IL

Hei,

Som nevnt på telefon i går:

- 1. ÅTIL ynskjer at Aosarennet blir flytta til 06. mars (eventuelt helga etter). I terminlista er det satt opp 09. april, noko som er ein del seinare en normalt.*
- 2. ÅTIL og Jotun kunne tenkt seg å arrangert eit SSF Cup renn i lag. Forslaget er eit friteknikkrenn på Seimsåsen, for eksempel i februar.*

Jotun / Børre Øvstetun vil prøve å stille på haustmøte i oktober.

Helsing/Regards

Even Gundersen Vee

Innspel nr. 6: Syril IL

Hei!

Eit litt forsenka innspel ang. sonerenn i Sogn, men så er det no også koordinert med Kaupanger (Svein Romstad) og Hafslo (Trond Sekse): vi ønskjer 7/2 i staden for 20/2. Grunnen er at 20. februar er i vinterferien.

Helsing

Eivind Brendehaug

Syril

Tlf: 95191752

VEDTAK

Langrennskomiteen vedtek terminlista slik den føreligg med endringar drøfta i møtet.

Terminlista vert endeleg handsama i samband med langrennskomiteen sitt Haustmøte 27. oktober 2015.

SAK 07 15-17

Handlingsplan 2015-2016

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins arbeider med utgangspunkt i Strategiplanen 2013-2017. Planen vart vedteken i samband med Skikrinstringet på Skei i 2013, og planen er den organiserte skiidretten i Sogn og Fjordane sitt skipolitiske dokument.

Planen er seinare revidert i samband med Skikrinstringet i 2015.

Dette dokumentet dannar grunnlaget for Skikrinsstyret og greinkomiteane sine årlege handlingsplanar.

Summen av dei årlege handlingsplanane i heile strategiperioden skal gje oss størst mogleg grad av måloppnåelse. Dette skal hjelpe oss å til å skape ein endå betre aktivitet i klubb og krins.

Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017 finn ein vedlagt, i lag med komiteen sin handlingsplan for perioden 2014-2015.

I møtet gjorde langrennskomiteen opp status i planarbeidet for perioden 2014-2015.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at leiar og adm. sjef utarbeidar framlegg til handlingsplan for 2015-2016. Nytt framlegg til plan skal vere klar til neste møte i komiteen

ORIENTERINGSSAKER

SAK 08 15-17

Programsatsingsmidlar til Langeland Skisenter

Bakgrunn

Kulturdepartementet har vedteke å tildele Langeland Skisenter 2,2 millionar av departementet sine programsatsingsmidlar til rulleskiløyper. Tildelinga er gjort med bakgrunn i innstilling frå Norges Skiforbund og Sogn og Fjordane Skikrins.

Programsatsingsmidlane vert tildelt med atterhald om at søknad om ordinære spelemidlar gjennom ordninga «Idrettsanlegg i kommunane» vert godkjend. Det vil seie at søknaden vert funnen i formell orden av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Programsatsingsmidlane kjem i tillegg til eventuelt tilskot av ordinære spelemidlar. Statleg tilskot kan ikkje utgjere meir enn 50% av godkjende kostnader med rett til tilskot.

Programsatsingsmidlane til departementet kan utbetalast når det ligg føre

ein spelemiddelsøknad i formell orden i fylkeskommunen og byggjearbeida er i gang.

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 09 15-17

Team Veidekke Vest

Bakgrunn

Leiar i langrennskomiteen orienterte om Team Veidekke Vest på følgjande punkt:

- Samlingsopplegg, trenarsituasjonen, smøreopplegg og smørevogn.

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 10 15-17

Nasjonalerenn og meisterskap 2015-2016

Bakgrunn

Oversikt over logistikken i samband med nasjonalerenn- og meisterskap 2015-2016 er vedlagt.

VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at Torunn Grut utarbeidar framlegg til retningslinjer om korleis smøreopplegget skal fungere i samband med nasjonalerenn og meisterskap kommande sesong.

Vidare skal det gjennomførast trenarmøte der hovudleiarar og smøreteam vert oppnemnt til dei ulike arrangementa.

SAK 11 15-17

Status i markedsarbeidet til langrennskomiteen

Bakgrunn

Verksemd	Grein	Går ut	Status
ByggTeam AS	Langrenn	2018	Avtalen er reforhandla t.o.m. våren 2018. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Ny avtale er signert august 2015.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2017	Avtalen vart reforhandla og signert vinteren 2015. Avtalen strekker seg t.o.m. 31.12.2017. Økonomisk nivå er same som tidlegare.
SFE	Langrenn	2016	Avtalen er under reforhandling.

VEDTAK
Teke til orientering.

EVENTUELT

SAK 12 15-17

Jentesamlingar
Bakgrunn

Adm. fremmar forslag om at langrennskomiteen skal legge til rette for 1 eller 2 jentesamlingar kommande haust/ vinter.

VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om å organisere jentesamling i Vik hausten 2015. Aktuelt tidspunkt er 17.-18. oktober, evt. 24.-25. oktober 2015.

Vidare ynskjer komiteen å organisere jentesamling på Ullsheim i samarbeid med Markane IL. Aktuelt tidspunkt er 08.-10. januar i samband med Ullsrennet.

Åsa Lerum, Torunn Grut og Liv Kr. E. Rauset følgjer opp tiltaka.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Arthur Hegrenes (s)
Leiar LK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 15 15-17 Referat frå Haustmøtet, 27. oktober 2015

Referat, Haustmøte Langrenn 2015, Skei 27.10.15

Sak 2 Referent Torunn Grut

Sak 3 Terminliste

Det er teke omsyn til at ein tidleg i sesongen skal ha renn i alle regionar.

15.-17. jan. nasjonal KM- helg. Kollisjon med skiskyttar Vestlandsmesterskap, ikkje ønskeleg, men vert avgjort på nasjonalt nivå.

Endringar:

Bjønnastarten går ut grunna anleggsarbeid frå Statkraft heile vinteren på dammen.

Langrennskomiteen prøver å få til eit arrangement 19.- 20 des., der det kjem snø. Kvar eit evt.

arrangement vert avvikla blir bestemt når ein ser kvar ein har snøforhold. Arrangementet bør vere i friteknikk.

Sprint stafett i Vik 27.12, Vik IL ønska flytt pga problem med arr. stab den datoen – forslag 2.

januar. Vil truleg gje få deltakarar pga SSF-cup den 3.jan. Alternativ: palmelaurdag 19. mars eller 2.-3. april. Må avklarast med Vik IL.

20. feb SSF-karusell Fj./Vereide går ut (dei har renn helga før).

Vetenrennet 27.feb blir SSF-karusell i staden.

20. feb SSF- karusell (Sonerenn) i Førde, arr skulle vore Jølster (er tradisjon)

Kalsetrennet - klassisk

Sak 4 Team Veidekke

Arthur Hegrenes informerte.

Mål om at alle utøverane skal delta på Skandinavisk Cup. Eige smøreteam 3personar.

-Økonomi for teamet er ok, men Sogn og Fjordane har ikkje klart å skaffe sin sponsordel.

-Info om utviklingsstruktur i Sogn og Fjordane skikrins:

-Klubb/sone: miljøsamling, jentesamling

-Impuls 10-12 sml. Døgn

-Junior krinslag 30 sml. Døgn

-Satsingsgruppe 40 sml. Døgn

-Team Veidekke vest 50 sml. Døgn

Sak 5 Korleis kan vi utvikle langrennsporten i fylket vidare?

Finn Årdal, Jølster, ny nestleiar i Skikrinsen, tidlegare aktiv og trenar, presenterte sine tankar og idear.

Noko manglar 13-16 år, Sonelag?

I Sogn samarbeid mellom klubbar, vanskeleg å få til noko fast. Har vore nokre «stønt», for aldersgruppa 13-16.

Forslag:

Ei fellessamling ein laurdag i månaden på hausten i kvar sone, kvar klubb som er med i tek ansvar for ein dag, ei økt eller to økter med felles kvile og matøkt i mellom, må ikkje legge lista for høgt. Krinsen prøver å kalle inn til sonevis møte for å planlegge.

Kommentar: Alder (13-16) der dei er klar for rettleiing frå nye, sett pris på dei som stiller opp og rettleier dei.

«Miljøsamling» i kvar sone, ein gong på hausten for alle greiner 10-16 er og interessant, viktig sosialt.

Ønskjer vi uttak til krinslaget?

Viktig å vere så mange mulig på samlingar og trening for å skape godt miljø. Alle var positive til at krinslaget er opent for alle (med tal utøvarar som er aktuelle i dag).

Satsingsgruppe – kanskje ikkje naturleg at alle som vil vere med får det, namnet tilseier at det er utøvarar som ynskjer å gjere noko ekstra ut av det.

Kostnadsnivå i langrennssporten

Har møtt foreldre som ikkje ynskjer at ungane skal starte med langrenn fordi det er for dyrt. Det er beklageleg.

Forslag til retningslinjer frå Sogn og Fjordane skikrins:

- Begrense bruk av høgfluorhaldige- og liknande dyre gliprodukt i lokale renn. Bruk berre billige produkt for glid og feste.
- Haldningsskapande arbeid vdr. utstyr (trenar haldningar viktig)
- Etablere eigne facebook-sider vedr. Kjøp og sal av skiutstyr.

Kva signal sender krinsen ved å legge opp til duatalon frå ung alder, - utstyrshysteri.? Frå 11 eller 13år?

Alle klubbar bør ha klubbavtale. Bør få minst 25% avslag.

Sak 6 Fellesopplegg nasjonalrenn og meisterskap 2015-2016 v/ Yngve Thorsen

Viktig å halde fristar for bestilling. Info på skikrinsen si nettside, .

Sak 7 Rekneskapsrapport

Yngve Thorsen gjekk gjennom viktigaste postane.

NM: 27 000 under budsjett

Junior NM: 12 000 under budsjett

Hovedlandsrenn: ca som budsjett

SSF-cup: 6 000 over budsjett (pga SSF smøreservice, innkjøp av smurning)

FIS-renn: 21 000 under budsjett så langt, kjem truleg ca i 0

Prognosar ca 40 000 i pluss for langrennskomiteen totalt.

Sak 8 Eventuelt

Ref. Torunn Grut (s)

Langrennskomiteen

Vedlegg SAK 16 15-17 Referat frå møte i styringsgruppa for Team Veidekke Vest

Referat fra møte i Styringsgruppa for Team Veidekke Vest

Dato: 16/10-2015, Sted: Gardermoen , Tidspunkt: 19.30 – 20.20

Til stede: Arthur Hegrenes, Ida Sætersdal, Beate Vinkler Rasmussen, Petter Furseth, Yngve Thorsen, Bernt Rusten, Geir Olav Håland. Brit Baldishol ikke tilstede men det var Geir Olav som glemte å kalle inn dessverre.

Saksliste med referat og vedtak

1. Sportslig status

Det går bra med teamet, sykdom hos Lisa Kvamme som gjør at hun dessverre mister en del av sesongen og Trygve Henden Gaasøe ble syk og kunne ikke bli med til Mallorca, men ellers står det bra til med alle sammen. **Vedtak:** informasjonen tatt til orientering.

2. Økonomi og Budsjett

Budsjett (vedlagt) gjennomgått og godkjent. Det legges opp til stram og tett økonomistyring mot et aktivitetsbasert budsjett. Foresløpig er det kontroll på kostnadene – noe sprekk på diverse kostnader, men vi håper også å komme i mål under budsjett på samlingene. **Vedtak:** Budsjett godkjent og økonomistatus tatt til orientering.

3. Avtaler og sponsoroppfølging

Det har så langt vært god oppfølging av sponsorene. Frank har hatt problemer med å komme i kontakt med Sletten Senter, mens det har vært tett kontakt med Veidekke og Sterling. Ellers ble det i møtet og i etterfølgende samtaler på lørdagen diskutert hvordan det er mulig å jobbe videre med aktører som Altibox og Lerum og videre om det er mulig å etablere et lavere støttenivå kalt «Støttespiller» hvor støttenivået ligger på ca. 10.000,- Dette har TVN hatt stor suksess med. **Vedtak:** Geir Olav følger opp dette og initierer aktiviteter her i samarbeid med S&F.

4. Orienteringssak – Staver fra Bj

Det ble orientert om at det er misnøye blant flere utøvere til staver mottatt fra Bj. Frank og Geir Olav har fulgt opp dette, og det har vært kontakt med Active Brands ved Ståle Buraas og vi håper denne saken skal løse seg. Styringsgruppa legger til grunn at utøverne forholder seg lojalt til avtaler, men ser også at det har vært noe sen oppfølging avtalemessig. **Vedtak:** informasjonen tatt til orientering.

5. Beslutningssaker

5.1 Evaluering

Frank har tatt initiativ til at det gjennomføres en evaluering etter barmarksesongen. **Vedtak:** Geir Olav følger opp dette.

5.2 Samarbeid mellom team og internt i kretsen på smøring

Det er en forutsetning fra Skiforbundet at Veidekke-teamene samarbeider tett om smøring og testing sammen med nyansatt smører for rekruttlandslaget. Det er styringsgruppas standpunkt at vi skal være åpne for å dele informasjon, men det må også tas hensyn at teamet vårt er ferdig organisert da ny smører ble ansatt i rekruttlandslaget og at det kanskje er litt vanskeligere å få til praktisk samarbeid denne sesongen. **Vedtak:** det er styringsgruppas holdning at TVV skal dele informasjon internt i kretsene og med andre Veidekke Team så langt det er praktisk mulig.

5.3 Utvide samlingen på Beitostølen med en testhelg

Smøreteamet har bedt om at det settes av midler til en testhelg 6-7. november på Beito. Det er også et forslag fra Frank at vi tar imot tilbud fra fysioterapeut som tilbyr seg å jobbe gratis for teamet mot at vi dekker reise. Forslaget er at vi forsøker dette samme helg. **Vedtak:** Styringsgruppa godkjente dette.